



Årdal kommune
Helse

Psykiatriplan for Årdal kommune i perioden 2024-2027



Innhald

Innleiing	2
Om planarbeidet	3
Kommunale planar og andre kommunale føringar	3
Utviklingstrekk	4
BrukarPlankartlegging – skildring av situasjonar og utfordringar	4
SINTEF kartlegging	5
Ny rettleiar i sjølvordspolitikk i Noreg	5
Trender i Årdal	6
Omsorgstrappa i psykisk helseteneste	6
Slik vil vi ha det i 2029	7
Handlingsplan for planperioden 2024-2027	8

Innleiing

Arbeidet med ny psykiatriplan for perioden 2024-2027 starta opp våren 2021. Arbeidet med planen tok lenger tid enn vi hadde tenkt, mykje og på grunn av oppbygginga av Tangevegen og nytt butilbod for brukargruppa.

I utgangspunktet skulle vi ha ein plan slik vi kjenner den frå tidlegare planar med ein del for vaksne og ein del for born/unge.

Under arbeidet med planen vart den varsla oppvekstreforma sett i verk og ein fann det hensiktsmessig å legge tiltak for born/unge inn i den kommande planen for førebygging barn og unge i Årdal kommune som skal handsamast politisk medio 2024.

Plan for psykisk helseteneste er no difor ein plan for vaksne.



Om planarbeidet

I prosjektperioden har det vore prosjektmøte, idèmyldringsmøte og dialogkafè.

Prosjektgruppa har vore samansett av:

- Hilda Nese – tenesteleiar for eldreomsorg
- Ann Kristin Midtun – miljøterapeut psykisk helseteneste
- Anne Lise Steinheim – plasstillitsvald FO, psykisk helseteneste
- Silje Berge – rustenesta i NAV
- Linn Hege Lereng Einan – plasstillitsvald Fagforbundet, psykisk helseteneste
- Kristiane Laberg Seim – leiar for psykisk helseteneste

Det var i tillegg oppnemnt ein brukarrepresentant. På grunn av permisjon har ikkje denne hatt høve til å delta og ein har ikkje hatt andre brukarrepresentantar i dette arbeidet.

På dialogkafè og idèmyldringsmøta var det ulike tenester i kommunen samt politikarar og representantar frå råda som var inviterte.

Kommunale planar og andre kommunale føringar

Psykiatriplanen grip også inn i andre planar vi har i kommunen i dag og må difor sjåast i samanheng med desse og handlingsplanane i dei ulike planane.

Følgjande planar som er vedtekne grip inn i plan for psykisk helse:

- Helse- og omsorgsplan
- Bustadsosial handlingsplan
- Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Plan for barn som pårørande
- Plan for busetjing og integrering av flyktningar
- Plan for legetenesta i Årdal kommune
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Utviklingstrekk

Årdal kommune nyttar ulike kartleggingsverktøy for å få eit bilete av situasjonen blant innbyggjarane.

BrukarPlankartlegging – skildring av situasjonar og utfordringar

BrukarPlan er eit verktøy for å kartlegge omfang og karakteren av rusmiddelbruk som er kjent i hjelpetenestene i kommunen. Gjennom ein enkel og praktisk scoring vert funksjonsnivå, livssituasjon og bruk av tenester både på kartleggingstidspunktet og kva tenester som vil verte etterspurt komande år. Dette gir kunnskapsgrunnlag for tenesteutvikling, set fokus på særskilte område og gir grunnlag for å følgje med på utviklinga over tid. Kartlegginga har vore gjennomført jamleg sidan 2013, siste i desember 2019.

Kartlegginga omfattar menneske med rusproblem, psykiske vanskar og menneske med samstundes rus- og psykiske vanskar (ROP). Kartlegginga vert gjort i NAV og i psykisk helseteneste. Det er ei målsetting å få legetenesta med i kartlegginga. Dette vil sikre ei breiare og meir fullstendig kartlegging. Barnevernstenesta deltok i kartlegginga i 2018. Det er ei målsetting av dei vert med vidare.

Funksjonsområda som vert målt i BrukarPlan er følgjande:

Bustad, arbeid/aktivitet/utdanning, økonomi, psykisk helse, fysisk helse, rusmiddelbruk, sosial fungering, nettverk.

BrukarPlan viser at vi har særlege utfordringar knytt til menneske med rus- og psykiske vanskar (ROP). Samansette vanskar krev langsiktig og omfattande innsats for å yte hjelp over tid. Meiningsfull aktivitet er viktig. Herunder både fysisk aktivitet og arbeidsretta aktivitet. Med omsyn til aktivitet for målgruppa kjem vi positivt ut. Dette arbeidet prioriterer vi høgt.

Oppfølging av barn som pårørande er viktig. Det er utarbeidd rutinar for kartlegging og oppfølging av barn som pårørande til brukarar av rustenestene i NAV og psykisk helseteneste.

Det er ikkje gjennomført kartleggingar etter 2019. Bakgrunnen for dette er at det på grunn av endringar i personopplysningslova og personvernsforordninga ikkje gjorde det mogleg for NAV og BVT å kartleggje med BrukarPlan ettersom den noverande dispensasjonen for teieplikt kun gjeld tenester som er underlagt helsepersonell lova.

Det vert arbeida med å finne ei ordning som gjer at NAV og BVT og kan kartlegge, men det er ikkje avklara når dette eventuelt kan vere på plass. Så inntil vidare er det berre helse og omsorgsteneste samt fastlegar som kan fylle ut kartlegginga.

Dersom det føreligg eit formalisert samarbeid mellom NAV og helse og omsorgstenesta kan ein be om relevant informasjon til kartlegging frå NAV så lenge teieplikta vert ivareteken.

Det betyr i praksis at ein ikkje ville fått det store bilete i kommunen og at ein difor må avvente å sjå om det kjem ei løysing på dette, eller vurdere om ein kan få med legetenesta for å gjere ei slik type kartlegging i saman med psykisk helseteneste.

SINTEF kartlegging

Årleg svarar kommunen v/NAV og psykisk helseteneste på ei kartlegging SINTEF utfører på oppdrag frå helsedirektoratet.

Sidan 2007 har ein samla inn årsverktal i psykisk helsearbeid i alle landets kommunar for at helsedirektoratet skal kunne følgje utviklinga i ressursinnsatsen i kommunane. Alle deltakande får i etterkant tilsendt den årlege rapporten med resultat frå kartlegginga.

Rapporten frå 2022 som er den nyaste syner desse trendane nasjonalt:

- Tal årsverk i psykisk helsearbeid har auka
- Fleire kommunar har rekrutteringsproblem spesielt når det gjeld psykologar og helsesjukepleiarar
- Det ser framleis ut til at ein har fordelt årsverk i tenestene der det meste går til hovudforløp 3, men at ein har hatt ein liten nedgang i forløp 3 og ein auke i forløp 1¹ frå 2021-2022.
- Det blir rapportert om ei auke på henvendelsar til psykisk helseteneste
- Kommunane opplever at fastlegen spelar ei viktig rolle i psykisk helsearbeid, men at det er vanskeleg å få involvert fastlegane.
- Få kommunar svarar at dei har erfaringskompetanse i tenesta
- Bustadsituasjonen for målgruppa er ei utfordring

Kjelde: [Microsoft Word - Rapport28November.docx \(sintef.no\)](#)

Ny rettleiar i sjølv mordspolitikk i Noreg

Det er rundt 600 personar årleg som tek sitt eige liv i Noreg. To av tre er menn. I Noreg finnes ingen systematisk registrering av sjølv mordsforsøk, og det er truleg ein del mørke tal. Det er fleire risikofaktorar knytt til slike forsøk, og økonomiske vanskar kan ofte vere ein sentral element. Nye nasjonale planar og retningslinjer legg fokus på sjølvdrap, og vil at kommunane skal jobbe førebyggjande både på samfunnsnivå og individnivå.


¹ Hovudforløp 1: Milde og kortvarige problem; hovudforløp 2: Kortvarige alvorlege problem/lidingar og langvarige mildare problem/lidingar; hovudforløp 3: Alvorlege langvarige problem/liding.

Trender i Årdal

Det er ikkje gjennomført brukarkartleggingar i tenesta. Dette er noko vi vil prioritere i kommande planperiode. Trendane som her vert skissert er den situasjonen tenesta ser i det daglege:

- Bustadsituasjonen for vaksne med psykiske lidningar har betra seg etter oppussinga av Tangevegen 14.
- Bustadsituasjonen for rusmiddelavhengige er framleis vanskeleg.
- Det er ei jamn auke på henvendelsar om tenester til vaksne. Desse kjem frå brukarar sjølve, fastlege eller spesialisthelsetenesta.
- Det er ikkje ventetid per no.
- Det er fokus på gruppetilbod og ein ser ei jamn auke i bruken av gruppetilboda i kommunen.
- Det er ei naturleg auke av henvendelsar knytt til flyktningsituasjonen.

Omsorgstrappa i psykisk helseteneste



Kommunale tenestenivå:

1. Lågterskel gruppetilbod som dagsenter, miljøvaktmester og treningstilbod
2. Kognitiv terapi og støttesamtale
3. Medisinadministrering
4. Buoppfølging i eigen bustad (praktisk bistand, hjelp til praktiske gjeremål)
5. Korttidsopphald med utredning/kartlegging
6. Bustader med tilknytt døgnbemanning

Dagens tenester til vaksne:

- Bustader med tilknytt døgnbemanning

- Personleg oppfølging og støttesamtalar
- Kognitiv terapi
- Dagsenter
- Lågterskel treningstilbod i samarbeid med NAV
- Medisinadministrering/LAR
- IP og ansvarsgruppe
- Miljøvaktmester i samarbeid med NAV
- Arbeidstiltak i regi av Sogn Vekst

I helse og omsorgsplanen frå 2019 er følgjande tiltak lista opp for denne brukargruppa:

Slik vil vi ha det i 2029

Tiltak	Status i dag
Me har eit butilbod til dei brukarane som ikkje kan bu i eigen bustad i lenger eller kortare periodar	I 2020 vart det ferdigstilt 8 leilegheiter til denne brukargruppa med tilknytt døgnbemanning.
Me tilbyr tenester til heimebuande som gjer at tenestemottakar kan bu lenger i eigen bustad.	I samband med oppbemanning av tenesta i 2020 vart det auka ressursar til buoppfølging/punkttenester for brukargruppa.
Me har bygd døgnbemanna bufellesskap med dagtilbod i Tangevegen 14	Sjå pkt over.
Me brukar verktøyet brukarplan for å kartlegge og ha god oversikt over personar med rusvanskar og psykiske vanskar	Den siste brukarplankartlegginga vart utført i 2019.
Ein har same tilbod til denne brukargruppa som til somatisk sjuke brukarar	Oppbemanninga av tenesta har gjort at vi har eit større tilbod til brukargruppa.
Vi arbeider aktivt med førebygging av psykisk uhelse og rusvanskar	Refererer her til rusmiddelpolitisk handlingsplan og andre kommunale delplanar som er vist til.
Er endringsvillige og evaluerer kontinuerleg tenestene ein tilbyr slik at ein alltid tilbyr tenester som er tilrådd og tilpassa den einkilde.	Tenesta jobbar forskingsbasert og arbeider kontinuerleg med utvikling av tenesta.
Me har styrka dagtilbodet som representerer ein viktig psykososial	Vi har enda litt å gå på når det kjem til etablering av gruppetilbod for brukargruppa. Dette handlar om

<p>arena ved å ha kompetanse på og tilbod om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gruppe og kurstilbod • Fysisk aktivitet <p>Som ein konsekvens av auka gruppetilbod er behovet for individuell oppfølging redusert.</p>	<p>kompetanse, men og at i ein liten kommune kan det vere vanskeleg å treffe alle med dei tilbod ein har.</p>
---	---

Handlingsplan for planperioden 2024-2027

Tiltak	Ansvarleg	Frist
<p>Etablere fleire gruppetilbod til brukargruppa.</p> <p>Fokus på pårørende grupper og livsmeistringsgrupper/sjølvhjelpsgrupper.</p>	<p>Psykisk helseteneste i samarbeid med andre tenester som t.d. NAV, Frisklivssentralen</p>	<p>Hausten 2024</p>
<p>Innføre eit dag/aktivitetstilbod inkludert måltid for einsame eldre heimebuande.</p>	<p>Tenesteleiar Eldreomsorg</p>	<p>I løpet av 2024</p>
<p>Evaluere det kommunale tilbodet knytt til LAR behandling og etablere ei overordna prosedyre for dette i kommunen.</p>	<p>Psykisk helseteneste i saman med NAV rusteneste, legetenesta, heimesjukepleie og tildelingskontor.</p>	<p>Innan 2025</p>
<p>Dialog med lokal DPS og tilhøyrande kommunar om etablering av FACT team.</p>	<p>Psykisk helseteneste og NAV har denne dialogen i samhandlingsforum.</p>	<p>I løpet av 2024</p>
<p>Auke kompetansen innan kognitiv terapi, vidareutdanne eigen tilsette</p>	<p>Tenesteleiar helse</p>	<p>Innan 2026</p>
<p>Arbeide for å skaffe/ legge til rette for at det blir tilgang på behandlande/klinisk psykologressurs i kommunen</p>	<p>Kommunalsjef helse, omsorg og NAV</p>	<p>Kontinuerleg</p>
<p>Evaluere samarbeidsavtale mellom Helse Førde og Årdal kommune slik at</p>	<p>Kommunalsjef helse, omsorg og</p>	<p>I løpet av 2024</p>

den er oppdatert i høve tenestetilbod og forventningar til kvarandre.	NAV samt tenesteleiar helse	
Evaluere/undersøke behovet for lågterskel bustader for rusavhengige i kommunen.	Tenesteleiar helse samt fagleiar rus	Innan 2025
Arbeide for å implementere miljøvaktmeisterstillinga fast i tenesta etter endt prosjektperiode i 2024.	Tenesteleiar helse	I løpet av 2024
Innarbeide nye retningslinjer som blir gjeldande frå nyttår 2024 om overdose	Tenesteleiar helse, fagleiar rus	I løpet av 2024
Utarbeide rutinar for korleis førebygge sjølv mord.	Tenesteleiar helse	Oppstart snarleg og ferdig innan planperioden
Gjennomføre brukarkartlegging	Tenesteleiar helse	I løpet av 2024
Evaluere og implementere rutinar for kartlegging og oppfølging av barn som pårørande til brukarar av rustenestene i NAV og psykisk helseteneste.	Tenesteleiar helse	I løpet av 2024